



Møteinnkalling

Utval: Fitjar sokneråd
Møtestad: Kyrkjestova
Dato: Onsdag 21.01.2026
Tid: Kl. 18.30 - 21.00
Ord for dagen: Svein Lunde

Forfall må meldast til kyrkjeverja: kyrkja@fitjar.kommune.no eller tlf. 913 47 802.

Varamedlemer får kopi av innkallinga og vert kalla inn ved behov.

Innkallinga er sendt til:

Mette Elisabeth Lambach	Leiar
Svein Lunde	Nestleiar
Tom Rydland	Medlem
Anne Kristin Skår	Medlem
Håkon Rydland Sæbø	Medlem
Anne Marie Røed	Medlem
Lillianne Jæger Vestbøstad	Medlem
Kari Raunholm	Medlem
Øyvind Heggland	Fungerande sokneprest
Gisle Levåg	Kommunal representant
Kopi til varamedlemene Wenche A. Helland Karin Korsvik Nils Andreas Brekke Aase Nøttveit	

Eli Johanne Rønnekleiv, som tek til som sokneprest i Fitjar i mars, vert med på møte og får høve til å presentera seg og bli kjent med soknerådet.

Fitjar, 16. januar 2026

Mette Elisabeth Lambach
soknerådsleiar

Harald Rydland
kyrkjeverje

Sakliste:

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMMUNAL REPR.
2026/01	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	X
2026/02	012.1	Godkjenning av referat frå møte den 5. november	X
2026/03		Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkjelyden	X
2026/04		Detaljbudsjett for 2026	X
2026/05		Kontaktinformasjon om soknerådsmedlemene på heimesida	X
2026/06		Kyrkjelydstur til Helgatun 17. – 19. april	
2026/07		Nye medlemmer til ulike funksjonar og nemnder	
2026/08		Utsending til NMS-generalforsamling i Bergen 25. – 26. juni	
2026/09		Innsetjingsgudsteneste og kyrkjelydsfest 22. mars	
2026/10		Meldingar	X
2026/11		Open post	X

Vedlegg

1. Detaljbudsjett for 2026
2. Førebels rekneskapsrapport for 2025

Sak 2026/01 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent.

Sak 2026/02 012.1 Referat frå møte den 4. desember

Evt. merknader til referatet kan fremjast i møtet.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet stadfester referat frå møte den 4.12.2025.

Sak 2026/03 Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkjelyden

På møtet vil soknepresten gje ei kort orientering om aktivitetane i kyrkjelyden den siste tida, samt litt om det som skal gjennomførast i tida som kjem.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

Sak 2026/04 Detaljbudsjett for 2026

Fitjar kommunestyre gjorde på møte den 11. desember 2025 vedtak om å gje drifts- og investeringstilskot til Fitjar sokn.

Driftstilskot

Soknerådet sende hausten 2025 søknad til kommunen om driftstilskot på kr. 3.564.500. I kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett vart summen sett til kr. 3.434.000. Kommunestyret auka løyvinga til kr. 3.524.000. I auken ligg det inne kr. 80.000 til kartlegging av tilstanden på kyrkjetaket og innfestinga av hellene, og kr. 10.000 til sommarvedlikehald av kolerakyrkjegarden på Vestbøstad.

Det oppdaterte driftsbudsjettet som ligg ved innkallinga er endra på berre ein post i forhold til det som soknerådet vedtok i haust. I det opphavslege budsjettet var det sett opp kr. 300.000 i kommunalt tilskot til trusopplæring, noko som var ein auke på kr. 70.000 i forhold til 2025. Etter kommunestyret sitt vedtak er det no sett inn kr. 260.000 i kommunalt tilskot til trusopplæring.

Kommunalt tilskot til trusopplæring er den einaste posten som er endra i forhold til budsjettet som vart vedteke av soknerådet hausten 2025.

Investeringsstilskot

Når det gjeld investeringsbudsjettet slutta kommunestyret seg til dei investeringane som soknerådet har planar for i 2026. Til minnelund og muslimsk gravfelt vart det løyvd kr. 900.000, til investering i gravemaskin kr. 250.000 og til lyssetjing av kyrkja kr. 100.000. Soknerådet hadde føreslege at det skulle brukast kr. 2.300.000 til universell utforming i kyrkja i åra 2027 – 2029. Her gjekk kommunestyret inn for at løyvinga vart redusert til kr. 200.000 for utgreiing i 2028 og 2029.

Mei informasjon om driftsbudsjettet er å finna i vedlegget til innkallinga.

Framlegg til vedtak:

1. Soknerådet godkjenner driftsbudsjettet for 2026 slik det ligg føre i møtet. Evt. endringar i budsjettet vert å behandla i tråd med soknet til økonomireglement.
2. Soknerådet godkjenner investeringsbudsjettet for 2026 slik det vart sett opp hausten 2025. Kyrkjevevja får fullmakt til å iverksetja investeringane.

Sak 2026/05 Kontaktinformasjon om soknerådsmedlemene på heimesida

Det har komme forslag om å leggja ut kontaktinformasjon om soknerådsmedlemene på kyrkja si heimeside. I dag er soknerådet lista opp med namn på medlemmer og varamedlemmer under «informasjon» og «soknerådet», men det står ikkje noko om korleis det er råd å nå medlemene. Eg vil tru at rådet vil leggja til rette for at medlemene i soknet lett skal kunna nå dei som er valde som tillitspersonar. Det er ikkje sikkert at behovet for kontaktopplysningar for varamedlemmer er det same, men det kan soknerådet avgjera.

Dersom personlege telefonnummer og e-postadresser for soknerådet skal leggjast ut på ei open internettside, bør soknerådet og slutta seg til dette gjennom vedtak. Soknerådet bør og drøfta om det skal vera råd for medlemmer å reservera seg mot dette.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet går inn for at kontaktinformasjon om dei faste medlemene i rådet kan leggjast ut på Fitjar kyrkje si heimeside.

Sak 2026/06 Kyrkjelydstur til Helgaton 17. – 19. april

Fitjar kyrkjelyd har tinga opphald på Helgaton Fjellpensjonat for å ha familieleir helga 17. – 19. april. Så langt er det ikkje sendt informasjon om påmelding eller laga program for helga. Difor hastar det å få sett ned ein komite som kan starta planlegging snarast råd. Komiteen får, i samarbeid med kyrkjekontoret, ansvar for påmelding, deltakarliste og betaling. Vidare må komiteen syta for informasjon til dei som skal vera med og leggja opp program for helga. Fjellpensjonatet ordnar alt som har med opphald og mat å gjera.

I år vert det ikkje noko av den tradisjonelle skituren for konfrimantane til Røldal. Difor vil kyrkjelydspedagogen invitera konfirmantar til å vera med på leiren. Dette vert frivillig og dei må betala opphaldet sjølv. Prisen for mat og opphald er til vanleg redusert for barn opp til 13 år. Soknerådet gjorde på førre møte vedtak om å gje pristilskot til ungdomar mellom 14 år og 19 år, slik at ungdomar og familiar lettare skal kunna vera med.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet oppnemner desse til å vera med i komite for kyrkjelydstur til Helgaton :

1. _____
2. _____
3. _____
4. _____
5. _____

Sak 2026/07 Nye medlemmer til ulike funksjonar og nemnder

Kyrkjelyden har ei rekkje frivillige medlemmer i ulike nemnder og utval. Desse nemndene vert for det meste valde for kvar soknerådesperiode, men frå tid til annan er det nokre som må trekkja seg frå tenesta i løpet av perioden. Det er og enkeltpersonar som som gjer viktig frivillig arbeid i ulike funksjonar i kyrkjelyden. Her melder det seg og behov for å finna nye frivillige som kan gå inn oppgåvene.

Dei behova som me har registrert no er desse:

1. Nytt medlem til kyrkjelyden sitt misjonsutval etter Eldbjørg Ø. Vikane som ynskjer avløyising.
2. Nytt medlem til gudstenesteutvalet (Mette Lambach ynskjer å konsentrera seg om leiarvervet i soknerådet).
3. Vikar som klokkar for Sigrid Fangel fram til sommaren.
4. Vikar som kyrkjetenar ved sjukdom og liknande.
5. Innkjøpsansvarleg for kyrkjeaffien
6. Ny frivillig til kyrkjeaffien

Saka vert lagt fram utan tilråding, men det er fint om soknerådet kan drøfta saka og komma med aktuelle kandidatar som kan spørjast.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka

Sak 2026/08 Utsending til NMS-generalforsamling i Bergen 25. – 28. juni

Sidan Fitjar sokn har misjonsavtale med NMS, har me høve til å senda ein utsending med tale- og stemmerett til generalforsamlinga som skal vera i Bergen 25. - 28. juni. Her kan de lesa meir om generalforsamlinga: [Sommerfest og GF 2026](#)

Dersom soknerådet ynskjer å ha ein utsending med på samlinga, er det greitt at det vert avgjort i god tid kven dette skal vera. Då kan vedkommande setja av dagane og førebu seg på ein god måte. Det kan vera nyttig å oppnemna ein vara dersom vedkommande som vert vald likevel ikkje kan møta. Soknerådet bør og ta stilling til om utsendingen skal få dekkja kostnader ved deltakinga.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka

Sak 2026/09 Innsetjingsgudsteneste og kyrkjelydsfest 22. mars

På sist møte avgjorde soknerådet at det skulle arbeidast med å få til ein kyrkjelydsfest i samband med innsetjingsgudstenesta for den nye soknepresten. No er det fastsett at innsetjingsgudstenesta vert den 22. mars. Det kan då vera på sin plass og invitera kyrkjelyden til fest med middag på bedehuset rett etter gudstenesta.

På festen må det markerast at me har fått ny sokneprest, og det kan vera naturleg å takka avgåande sokneprest for lang og trufast teneste.

For at dette skal verta ei god markering, må det setjast ned ein komite som kan planleggja og syta for at festen vert gjennomført på ein god måte. Difor bør soknerådet oppnemna nokre personar som er villige til å ta ei slik oppgåve.

Når det gjeld innhaldet i gudstenesta, legg eg til grunn at den nye soknepresten og prosten tek ansvar for dette, og at dei involverer soknerådet og kyrkjekontoret etter behov.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet oppnemner desse til å vera med i komite for kyrkjelydsfest den 22. mars:

1. _____
2. _____
3. _____
4. _____
5. _____

Sak 2026/10 Meldingar

I møte vert det lagt fram munnleg informasjon om desse sakene:

- a. Arbeidet med kyrkjebladet dei neste månadane (Harald)
- b. Ny gravferdsturnus for prestane på Stordøya (Harald)
- c. Nye lokale for kyrjekontoret (Harald)
- d. Orientering om årsrekneskapen for 2025
- e. Nye prosjekt på gravplassen (Harald)
- f. Ny plan for kyrkjeleg undervisning (Harald)
- g. Anlegg for kaffikoking i kyrkja (Harald)
- h. Ungdom frå Fitjar vert med biskopen til Taize (Harald)
- i. Norsk- Ukrainsk samling i kyrkja (Anne Marie)
- j. Tentreff treng hjelp av fleire vaksne (Harald)
- k. Besøk av misjonær frå Mali etter sommarferien (Harald)
- l. Rekkverk til kor-trappa i kyrkja (Harald)

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek meldingane til vitande

Sak 2026/11 Open post**Framlegg til vedtak:**

Det er ikkje framlegg til vedtak i saka